

Til:

Ane Fjermestad
Arve A Haugland
Iris Bjørheim
Linnea Håland
Martin V Bjorland
Max Bjørheim
Pia Flåten
Robin H Hussein
Titas Kusas

Dykkar ref.

Vår ref.

19/34043 TRHE

Arkivkode

035 A20

Dato

30.10.2019

Referat elevrådsmøte 29.10.19

Desse møtte: Alle

Saker:**09/ 19- 20: Barn og unges kommunestyremøte.**

Vi drøfta og førebudde desse sakene til møtet:

1. Gleding, korleis kan me glede andre?

Kven kan me gleda?

-Rektor! Dei små på skulen, så blir dei trygge. Familie. Vi kan glede alle!

Idear, dette kan me gleda med:

-Smile til andre.

-Inkludere andre i aktivitetar, lek og samtale.

-Lage heiarop, visjon og mål som kan skape fellesskapsoppleving og glede i gruppa, skape eit "VI".

-"Gledeminutt" i klasserommet (gå rundt og seie fine ting til kvarandre)

-Variert undervisning vil skape meir glede på skulen

-Gledebingo (i rutene står ulike positive ting du kan gjere for andre)

-For å sikre at alle har nokon å vere med i friminutta, kan læraren spør før friminutt kva elevane har lyst til å gjere. Så kan ein vere med på den aktiviteten ein vil.

Postadresse:

Vålandsvegen 4

4365 Nærbø

Kontoradresse:

Vålandsvegen 4

4365 Nærbø

Internett:

www.ha.no/bo

post.bo.skule@ha.kommune.no

Telefon:

51 79 13

50

Org.nr.

964 969 590

- Oppmuntre i gym og andre aktivitetar. ("Kom igjen, du greier det neste gong!")
- Hemmeleg venn (trekke lapp, gjere noko fint for den personen gjennom veka. Gjette på slutten kven som var den hemmelege vennen!)

1. Hjartesone, trygg trafikk:

Korleis kan me gjere skulevegen til Bø tryggare? Og korleis kan vi gjere området rundt skulen enda tryggare, til ein trygg "hjartesone" for alle elevane?

- 7. trinn må ta hensyn, unngå sykling i skulegården.
- Lys på skuleveg: Gudmestadvegen
- Det er og viktig at elevar på sykkel tilpassar farta på sykkel, så dei har oversikt t.d. inne på boligfelt kor det er 30- sone og mange fotgjengarar.
- Opplæring i ferdsel til fots og på sykkel, blant alle elevane på skulen.

Er det område på skulevegen og i nærområda dykkar som opplevast utrygge?

- Torland, bakketopp, der er det skummelt å krysse vegen, 60- sone og dårleg sikt. Spesielt når det er mørkt er det skummelt.
- Bernervegen ved Hauen, der er 60- sone og dårleg sikt.
- Gudmestadvegen ved Vind keramikk, 80- sone og sving.

1. Spørsmål til ordføraren:

-Kva går arbeidet som ordførar ut på? Har du fri nokon gong så du kan vere med familien? Kan du og fortelje om interessene dine. Kva fotballag heiar du på?

-Har kommunen planar for utvikling av Nærbø?

-Kan vi få vegbelysning langs Gudmestadvegen mot Njølstad?

-I fjor vart det tatt opp om vi kan få mindre lekser/ leksefri skule (og heller lengre skuledagar). Har ein jobba med dette i kommunen sidan då? Evt korleis?

-Folkebiblioteket på Nærbø er ein populær plass for barn og unge å vere. Det er fint å sitje der og gjere lekser. Men det er ikkje så mange sitjeplassar. Kan det vere aktuelt å få meir møbler der, så det er plass til fleire?

4.Fordeling av kr 60.000.

Forslag frå Bø:

- Gi pengane til innkjøp til skulebiblioteka eller folkebiblioteket. Eller arrangement/ lesekonkurranse på biblioteket.
- Miljødag for alle skulane, rydding av plast (og anna avfall) i lokalmiljø. Vi ser for oss at pengane blir brukt til utstyr/ saft etc. Sidan vi gjer ein dugnad for fellesskapet i kommunen, kan kanskje kommunen hente inn avfallet og køyre det til miljøstasjonen?

13/ 19- 20: Anna? Har de saker å ta opp frå trinnet?

- Manglar ofte utevakt om morgonen sone 3.
 - Ønske om reflekskonkurranse.
 - Banane om morgonen.
 - Bibliotek i friminutta?
 - Lys ved ballbinge, skrur seg av tidleg.
- Ina tek sakene vidare med dei aktuelle vaksne.

Ina E. B. Vigre
Kontaktlærer for elevrådet

Med helsing
Hå kommune

Trine Hess
sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur